

# **VEDTEKTER FOR "ABRAHAM FJELLI"**

Vedtatt på årsmøtet den 4. mars 2021

## **§ 1 Foreininga sitt namn**

Foreininga sitt namn er Abraham Fjelli.

Foreningen Abraham Fjelli er registrert som foreining med eget foretaksnummer i Brønnøysundregistra – 988 380 342.

Foreningen vart stiftet 15.04. 1989 forut for første oppføring av friluftsteateret Abraham Fjelli.

## **§ 2 Formål og historikk**

Foreininga "Abraham Fjelli" skal hovudsakeleg arbeide med å sette opp teaterstykket "Abraham Fjelli" skreve av Inger Ramberg Røthe. Forfattaren innehavar rettigheitene til stykket, mens rettigheitene til å framføre stykket innehavar foreininga.

Abraham Fjelli er eit friluftsteater som var satt opp første gong i 1989 på Abrahamsvollen. Historia i stykket tek for seg hendingar frå midten av 1860 talet til midten av 1870-talet. Stykket handlar om Abraham Fjelli som budde saman med familien sin på Abrahamsvollen i Bakkhaugan ein stad i fjellområdet mellom Henning og Ogndal i Steinkjer kommune.

Som følgje av twist med forstfolk og lensmann om bruk av trevirke kor Abraham nekta å føye seg for statsmakta gjekk Abraham frå Bakkhaugan til Stockholm. Dette er på midten av 1860 - talet. Der bed han unionskongen over Noreg og Sverige, kong Karl den 15. om brev på at han skal få halde fram med å hogge tre til traugemne i heimtraktene sine. Det får han. Men - Abraham tek ikkje innover seg alvoret med at forstfolket skal blinke ut trea han får lov til å felle. Det heile endar med at Abraham går til kongen for andre gong, rundt 1872 , ca 10 år seinare.

Stykket handlar difor om Abraham, mannen som stod opp mot, og trassa Forstvesen og lensmann for retten til eit respektert og leveverdig liv. Han gjorde det for seg sjølv, men og for alle dei som ikkje hadde hans fysiske og psykiske styrke og mot!

Prosjekt Abraham Fjelli skal fremme samarbeid mellom bygdene Ogndal, Henning og Sparbu, og spesielt mellom dei fire ungdomslaga Ogna UL, Bagabu UL, Øvre Ogndal UL og UL Framsyn. Prosjektet handlar om bolyst, om å styrke vår identitet, byggje stoltheit og sikre god kunnskap om eit kulturminne som er både materielt og immaterielt. Videre skal foreininga Abraham Fjelli arbeide med å fremme interesse for, og auke kompetansen om, lokalhistorie i alle generasjonar.

Sjølve spellassen er Abrahamsvollen. Der er et naturleg amfi og spellass som vert tilrettelagt for ei teaterframsyning og publikum. Å halde plassen i hevd er ein viktig del av oppgåvene til foreininga Abraham Fjelli..

### **§3 Organisasjonsform**

Foreningen Abraham Fjelli er ein medlemsforeining som berre har fire ungdomslag som medlemmar, og er ein egen sjølvstendig juridisk eining og sjølveigande. At den er sjølveigande inneber at ingen, verken medlemslag eller andre har krav på foreininga formue eller eigendelar. Ei heller er noko medlemslag eller andre ansvarleg for foreininga si gjeld eller andre forpliktelser.

### **§4 Medlemmer**

Medlemmer i foreininga Abraham Fjelli er følgande fire ungdomslag; Øvre Ogndal UL, Bagabu UL, Ogna UL og UL Framsyn.

### **§ 5 Plikter og rettane som følgjer medlemskapet**

Medlemslaga av Abraham Fjelli har krav på å få sine interesser ivaretatt av foreininga sitt styre i alle saker. Styret må vege medlemmane sine ulike interesser og forsøke å ivareta eit heilheitleg perspektiv.

Styret kan innhente medlemslaga sitt syn på viktige saker ved å innkalle til medlemsmøte kor fortrinnsvis leiarane i medlemslaga møter.

Styret held medlemslaga orientert om styret sitt arbeid på ein hensiktsmessig måte.

### **§ 6 Styret**

Foreningen vert leia av eit styre som vert valt av årsmøte. Styret er foreininga sitt høgste organ mellom årsmøta.

Styret held møter så ofte leiaren finn det nødvendig eller når minst 2 av styremedlemmane krev det.

Styret er beslutningsdyktig når minst tre styremedlemmar er til stede. I tilfelle av like stemmer ved avstemming tel leiaren sin stemme dobbelt.

Det skal skrivast referat fra styremøtene.

### **§7 Styret sine oppgåver**

Styrets viktigaste oppgåver er følgjande;

- Iverksette årsmøtevedtak
- Oppnemne nødvendige nemnder, komitear osv. for å sikre nødvendig framdrift i teateroppsetjingane
- Skrive nødvendige avtaler for det same formål
- Holde seg orientert om og søke økonomiske støtteordningar
- Administrere og sørge for nødvendig kontroll med foreininga sin økonomi ihht. gjeldande lover, regler og instruksar

- Avhalde styremøte kor det vert skrive referat med saksliste og vedtak
- Sikre god og kontinuerleg kontakt med foreininga sine medlemslag
- Representere foreininga
- Forberede og avhalde årlege årsmøte, kor det skal framleggas en årsrapport og et reknskap for siste år, en aktivitetsplan og budsjett for komande år

## **§8 Signaturrett**

Det er styret sin leiar og eitt styremedlem i fellesskap som innehavar signaturretten for foreininga.

## **§ 9 Årsmøte**

a)

Årsmøtet, som vert halde kvart år innan utgangen av mars månad, er foreininga sin høgaste myndighet.

b)

Årsmøtet vert innkalla av styret i foreininga med minst 1 månads varsel. Innkallinga skal gå direkte til styra i medlemslaga, samt elles offentleggjort på egna måte. Med innkallinga skal det være med ein oppfordring om å komme med saker som ønskes behandla på årsmøtet. Forslag som ønskes behandla på årsmøtet skal være sendt til styret seinast 14 dagar før årsmøtet. Saksliste må være tilgjengeleg for medlemmene seinast 1 veke før årsmøtet.

c)

Alle medlemmer i medlemslaga har adgang og møterett til årsmøtet. Styret i kvart av dei fire medlemslaga bør være representert på årsmøtet.

d)

Stemmerett på årsmøtet har inntil 3 medlemmer frå kvart av medlemslaga som dei respektive styra har oppnemnt som sine representantar. Stemmegiving kan avgis ved fullmakt.

e)

Årsmøtet kan berre behandle forslag om vedtektsendring som er oppført på sakslista seinast 2 veker før årsmøtet. Andre saker kan behandlast og bli avgjort når 2/3 av de frammøtte på årsmøtet krev det sjølv om det ikkje står på sakslista. Denne typen avgjerd kan berre tas i samband med godkjenning av sakslista på årsmøtet.

f)

Årsmøtet vert leda av ein val møteleder.

g)

### Stemmegiving på årsmøtet

Med mindre anna er bestemt skal eit vedtak for å være gyldig være treft med alminneleg fleirtal av dei avgitte stemmane (medrekna fullmakter).

Vedtektsendringar krev eit fleirtal på minst 2/3 av de stemmeberettigede stemmene på årsmøtet (medrekna fullmakter) for å bli vedtatt.

Val forgår skriftleg om det føreligg meir enn eitt forslag, samt når årsmøtet bestemmer det.

### h) Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal i det minste:

1. Velge møteleder og referent
2. Godkjenne årsmelding fra styret
3. Godkjenne revidert reknskap fra styret
4. Behandle aktivitetsplan fra styret
5. Behandle budsjett fra styret
6. Behandle innkomne forslag
7. Årsmøtet skal velge:
  - a) styre i Abraham Fjelli.
  - b) varamedlemmer til styret.
  - c) revisor

Styret vert valt for to år av gangen. Ved første gangs val vert det valt to styrerepresentantar for to år og resterande for eitt år. Styret skal bestå av leiar og minst tre styremedlemmar. Styrets samansetning bør være bred slik at fortrinnsvis alle de fire medlemslaga er representert i styret. I tillegg vel årsmøtet 2 varamedlemmar til styret.

Fast valkomité til årsmøte er dei valte leiarane i medlemslaga til ein kvar tid.

## § 10 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinære årsmøte må haldast når leiar eller fleirtal i styret ønskjer det, eller minst ein av de fire medlemslaga krev det.

Det vert innkalla til ekstraordinært årsmøte på same måte som for ordinære årsmøte.

Ekstraordinært årsmøte kan berre behandle og ta avgjersle i dei sakene som er kunngjort i innkallinga til det ekstraordinære årsmøtet.

## § 11 Opplysnings av foreininga

Denne beslutninga kan ikkje endrast.

Opplysnings kan det berre gjerast vedtak om på årsmøte i foreininga med minst 2/3 fleirtal av de stemmeberettigede frammøtte stemmer.

Foreininga sin formue skal etter opplysing og evt. gjeldsavlegging tilfalla det formål som årsmøtet bestemmer.

Ingen medlemslag har krav på foreininga sine midlar eller del av denne ved opplysing, men dette legg ikkje hinder for at årsmøtet kan bestemme at midlane kan tilfalla medlemslaga.

Steinkjer 09.02.2021

Styret